



Norsk Motor Klubb Bergen - Eikås Motorsenter  
Postboks 45  
Nyborg  
5871 Bergen

## Rapport frå inspeksjon 8. mars 2013

Rapportnummer: 2013.018. I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Trond Madsen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Sissel Storebø  
Ingrid Torsnes

Frå Bergen kommune:  
Ronny Lockert

## Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og det er gitt ein merknad innan følgjande tema:

- vilkår om driftstid i løyve
- farleg avfall

Avvika og merknaden er nærare omtala frå side 3 og utover i rapporten.

Eikås Motorsenter må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. juli 2013** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonsjef

Sissel Storebø  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Bergen kommune  
Bergen kommune, Idrettsavdelinga

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Norsk Motor Klubb Bergen – Eikås Motorsenter	<b>Anleggsnr.:</b> 1201.0482.01
<b>Besøksadresse:</b> Eikås, Nyborg	
<b>Postadresse:</b> Postboks 45, Nyborg, 5871 Bergen	
<b>E-post:</b> bergen@nmk.no	<b>Telefon:</b> 952 39 596
<b>Kommune:</b> Bergen	<b>Organisasjonsnr.:</b> 984 008 732
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 94.991	<b>Eigar (org.nr.):</b>
<b>Løyve gjeve:</b> 30.06.1997 med endringar 12.01.2001	<b>Risikoklasse:</b> 4

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er en del av vårt risikobaserte tilsyn for i år og vart også gjennomført på bakgrunn av meldingar om forureining frå området til Haukås-vassdraget.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Krav i utsleppsløyve
- Avrenning frå motorsportsbanen, overvatn og drencsystemet
- Forureining frå motorsportsaktiviteten i området
- Handtering av farleg avfall
- Lagring av kjemikal

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtala i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. juli 2013 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. juli 2013 vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 4. mars 2013 at Eikås Motorsenter vil få eit gebyr på 4 500 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette er gebyrsats 4. Faktura blir ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

## 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- produktkontrollova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- verksemda sin dokumentasjon som vart lagt fram ved tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på [www.klif.no](http://www.klif.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1:

**Verksemda driv ikkje i samsvar med utsleppsløyve**

### Avvik frå

*Utsleppsløyve av 30. juni 1997 med endringar av 12. januar 2001.*

### Kommentarar:

Treningstidene ved motorsenteret er endra. Det vart opplyst at trening føregår 1 kveld i veka, stort sett mellom kl. 18:00 og fram til kl. 19:30.

Det er i løyvet sett krav til at trening skal gjennomførast i tidsrommet kl. 16:00 – kl. 18:00 på kvardagar og i tidsrommet kl. 10:00 - kl. 17:00 på laurdagar, jf. punkt 2 i løyvet.

## **Avvik 2**

### **Handtering av farlig avfall er ikkje i samsvar med regelverket**

*Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv. av farlig avfall og § 11-8 Leveringsplikt*

#### **Kommentarar:**

##### Forsvarleg oppbevaring

Det farlege avfallet som er mellomlagra i konteinar var ikkje merka med innhald og det var ikkje oppsamling ved eventuell lekkasje.

Farleg avfall skal handterast forsvarleg. Alle som lagrar, transporterar eller handterer farleg avfall, skal treffe naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining. Det vil mellom anna seie at ein held orden og oversikt over det farlege avfallet. Det skal vere ryddig, tydeleg merking mv. Det farlege avfallet skal vere emballert slik at det er eigna for lagring og transport. Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.

##### Deklarasjon

Farleg avfall vert levert til BIR sin gjenvinningsstasjon i Salhus etter kvart motorsportsstevne. Deklarasjonsskjema vert ikkje nytta ved levering.

Ved levering skal den som eig avfallet gje opplysningar om avfallet sitt opphav, innhald og eigenskapar på standard deklarasjonsskjema. Gjenpart av deklarasjonsskjema er avfallseigar sin dokumentasjon på at avfallet er levert godkjent mottak. Verksemdar som har meir enn 1 kg farleg avfall i året skal levere dette minst ein gong per år. Dokumentasjonen på at avfallet er levert og deklart skal de oppbevare i 5 år.

Det er ikkje etablert skriftleg rutine for handtering av farleg avfall.

## **8. Merknader**

Vi har gitt følgjande merknad under inspeksjonen:

### **Merknad 1:**

Kjemikalie av eldre dato som var lagra i container og som ikkje vert nytta lengre, bør leverast til godkjent mottak.

## **9. Andre tilhøve**

Dagleg leiar er tilsett i 50 % stilling ved motorsenteret. Det er ingen andre tilsette ved senteret. Motorsenteret blir dreve som eit idrettslag med mange undergrupper innan ulike motorsportsaktivitetar. Det er i dag ca. 350 medlemmar. Motorsportssenteret følgjer reglementet til Norsk Motorsportsforbund og Norsk Bilsportsforbund.

Internkontrollforskrifta vil ikkje gjelde for motorsenteret då det ikkje er sysselsette arbeidstakarar.

### Planstatus

Ronny Lockert frå Idrettsseksjonen i Bergen var til stades ved delar av tilsynet. Han gjorde greie for planstatus for området. Motorsenteret har leigeavtale fram til 2018. Område er sett av til næring og idrett i kommuneplanen til Bergen kommune. Ny reguleringsplan for mellom anna motorsenteret er under arbeid. Melding om oppstart av reguleringsplanen vil kome i nær framtid.

### Overvassystemet

Motorsenteret er etablert opp på eit større myrområde som er fylt og planert med sprengstein. For baneområdet er det etablert 5 -6 slukar/sandfangskummar som tar inn avrenning frå banene. Vatnet vert infiltrert direkte i steinmassane. Tidlegare vart vatnet ført via steinfyllinga og drenerør i kanal/sump mellom Steinestøvegen og motorsenteret før utslepp til Kipevatnet. Denne er ikkje lenger inntakt.

Når det er fare for forureining går det fram av § 7 i forureiningslova at den ansvarlege skal sørgje for tiltak for å hindre forureining. Når det er oppstått forureining, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden. Eikås Motorsenter må gjere ein vurdering for heile banen og lage ein tiltaksplan for korleis ein skal unngå forureining til Haukås vassdraget og bidra til å sikre framtida til elvemuslingen i Haukåselva. Vi ber også om å få oversendt kart over overvasssystemet for banen der alle sandfangskummer og leidningar er inntegna. Vi ber om tilbakemelding innan 1. juli 2013.

Det vart opplyst at sandfangskummane vert tømt kvar vår og haust. Massane vert nytta som fyllmasse langs banane.

### Støv

Det vart opplyst at motorsportssenteret er plaga av støv frå steinkunseverket som ligg like ved.

### Støy

Det er utarbeidet støysonekart rundt Eikås Motorsenter. Rapporten syner område som ligg i gul og raud støysone etter planretningsliner T-1442.

Det er også tidlegare målt og utreda støy frå anlegget. Vi ber om å få oversendt rapporten, Rapport 261-1.

## 10. Bilder



*Eikås Motorsenter*



*Sandfangskum*



*Elv som går til bekkelukking under banen*



*Lagring av farleg avfall*



*Lager for kjemikal*